

Kommunevalet

2003



i

Naustdal



Bør det bu folk i Naustdal?

Naustdal kommune er i realiteten konkurs. Kommunepolitikarane har i mange år prøvd å skjere ned etter osthøvelprinsippet, auke avgiftene, selt kraftaksjar og bustader, men likevel går drifta med eit underskot på ca. ein million i månaden. Første forslaga om dramatiske skulenedleggingar, storstila privatisering av kommunale vegar har vore oppe og blitt avviste.

Kommunalminister Erna Solberg seier at kommunane har nok pengar. Vi kan altså ikkje vente at staten skal komme å redde Naustdal. Samtidig kan ikkje Naustdal kommune fortsette med ein million i underskot i det uendelege. Dersom utviklinga held fram vil vi før eller seinare stå framfor ei rassering av dei kommunale tenestene. Ei kommunesamanslåing vil ikkje endre vesentleg på dette. Utgiftene til skular og helse som er dei tunge postane på budsjettet, vert ikkje mindre om kommunen heiter Førde eller Sunnfjord. Dessutan vert overføringane frå staten reduserte etter 10 år. Difor er RV mot kommunesamanslåing.

RV meiner at det finst ikkje noko vesentleg innsparingspotensiale i Naustdal kommune. Med dei noverande rammene vil eit budsjett i balanse medføre ei slik rassering av kommunale tenester at resultatet ville bli akselererande fråflytting, sviktande skatteinntekter og nye nedskjeringar.

Er Noreg eit fattig land?

Naustdal er ikkje den einaste kommunen med dårleg økonomi. Situasjonen er berre meir dramatisk her enn i dei fleste andre kommunar som ikkje har gjennomført så store nedskjeringar tidlegare. Samtidig har staten eit oljefond på rundt 800 milliardar, det private forbruket aukar og det blir fleire millionærar og milliardærar. Pengane finst, men det skjer ei stor omfordeling til dei rike og frå offentleg til privat. Det offentlege sin del av bruttonasjonalproduktet har minka frå 52 % i 1992 til 43 % i 1998. Vi må ta tilbake litt både frå milliardærane og frå oljefondet for å få skikk ██████ på kommuneøkonomien.

Skal Naustdal privatiserast?

Utarminga av kommunane er ein medviten politikk frå den høgorenterte regjeringa si side, for å gjere kommunane fattigare og dei offentlege tenestene dårlegare. Dette er ein politikk for å førebu grunnen for privatisering av offentlege tenester. Privatisering vil føre til auka klasseskilnader og eit press for dårlegare arbeidstilhøve. I ein grisgrendt kommune som Naustdal vil det føre til nedlegging av tenester, då det i liten grad er lønnsamt med privat tenesteproduksjon i Naustdal

Med folk mot makta

Dette er mottoet til RV. Slik skil oss frå dei andre partia sin måte å drive politikk på. Vi stiller ikkje til val for at du passivt skal stemme på oss og så ferdig med det. Talarstolen i kommunestyret skal vi bruke for deg og dei sakene du vil vi skal ta opp. Vi treng aktive veljarar for at vi skal kunne gjere eit godt arbeid. Jobben vår er i bryte veg for nye idear og perspektiv, noko som trengst i kommunepolitikken i Naustdal.

RV treng om lag 50 – 60 røyster for å komme inn i kommunestyret. Svært mange ynskjer oss inn, og fører RV-arar opp på den lista der legg i valurna. Men dette får lite å seie for valresultatet.

**Vil du ha RV inn i kommunestyret?
Bruk RV-lista!**

Folkeleg opprør

Det offentlege forbruket sett i høve til nasjonalproduktet minkar stadig. Dette er ein bra politikk for dei som er så rike at dei ikkje treng offentlege tenester. For folk flest kan dette bli katastrofalt.

Ved valet må vi hugse at det er dei same politiske partia som styrer både staten og kommunane. Det er lokalpolitikarane sine eigne parti på Stortinget som har hovudskulda for tilstanden. Mot denne politikken trengst det no eit kommunalt og folkeleg opprør. RV meiner at kommunepolitikarane no må nekte å gjennomføre fleire nedskjeringar.

Eventuelt legge ned verva sine i protest.
Sit ikkje lenger i Naustdal kommunestyre
som gissel for stat og storkapital!

Vi krev: Slett gjelda til kommunane!

Jordbrukskommunen Naustdal

Naustdal er i stor grad ein jordbrukskommune. Når det går dårleg for jordbruket, slær dette også negativt ut for Naustdal kommune. Mange, særleg ungdommar, er interesserte i å skaffe seg gardsbruk. RV vil som før gå inn for at Naustdal kommune skal kartleggje omfanget av tomme bruk og kontakte eigarane for å finne ut om dei er villige til å selja eller leige ut til folk som vil drive og/eller bu på garden. Dette er eit av dei viktigaste tiltaka for å styrkje utkantane. Det er mogeleg å få ei positiv folketalsutvikling med målretta tiltak.

RV støttar opp om prosjektet "Grøn omsorg", som kan verte ei verdifull tilleggsnæring for aktuelle gardsbruk, samstundes som det gjev gode opplevingar til dei som nyttar det.

Dei nye konsesjonsreglane for landbruket kan få som resultat at mange mindre bruk (opptil 20 mål dyrka mark) vert selde til kapitalsterke personar som vil ha bruka til feriebustader. Med jaktrett og strandlinje er desse bruka svært attraktive. RV er sterkt imot ei slik utvikling. Vi meiner at bruk til sals må seljast til folk som er villige til å busette seg i grenda og til å drive garden.

Turisme i Naustdal

RV går inn for utvikling av gards- og bygdeturismen i Naustdal. Det bør kunne leggst til rette for utleige av småbåtar i kommunen. Likeins bør det kunne leggst til rette for meir bruk av fjellet, som oppmerka turterreng.

Fiske og friluftsliv

Førdefjorden er trong med ei lang tilgjengeleg strandlinje som gjer den verdifull i friluftssamanheng. Fiske på fjorden har alltid vore ein viktig ressurs for alle som må takast vare på. Nye og eksisterande fiskeoppdrett trugar allemannsretten. Anlegget på Gjøringebøvika må fjernast når det mellombelse løyvet går ut. På sikt må oppdrettsannlegga ut av Førdefjorden og plasserast til havs. Skjeldyrking er derimot mindre arealkrevjande, medfører ikkje utslepp eller rømmingsfare og kan bli ei berekraftig næring.

Nei til rutil-utvinning

RV står fast på motstanden sin til utvinning av rutil frå Engebø-fjellet. Ei storstila bergverksbedrift vil få så store negative verknader for busetnaden og miljøet i Vevring, at det er uråd for oss å gå inn for noko slikt. Dette prosjektet er eit klassisk eksempel på reindyrka kapitalisme, der marknadskreftene rår og andre verdier ikkje vert med eller verdsette.

Eit dagbrot der det vert teke ut stein/blokker av ekologitt i mindre skala, vil RV ikkje utan vidare seie nei til. Her vert det heilt avgjerande korleis aktiviteten vert lagt opp med omsyn til miljøet. Ei eventuell drift må ta særskilde miljøomsyn og verne busetnaden på Indre Vevring/Engebø/Gryta.

Utviding av RV 611

I dag er det ikkje tilrettelagt byggjeland att i sentrum. Det næraste og beste byggjelandet er Mallasvik-Sela. For å kunne nå i dette området må vegen dit utvidast, og det må byggast gang- og sykkelsti. Deretter må vegen utbetrast vidare utover langs fjorden. Begge deler er viktig for vidare utvikling i området Naustdal – Vevring – Horne. RV vil reise dette som eit folkekrav og få det prioritert i kommunestyre og fylkesting.

Kraftutbygging

RV meiner vi kan ha ei moderat utbygging av Nausta dersom vasstanden i Vonavatnet ikkje blir endra og reguleringa ikkje forringar Nausta som lakseelv. Ei utbygging må gjerast på ein slik måte at naturen og miljøet vert skåna mest mogeleg .

Skular og barnehagar

RV går inn for å halde oppe skulane og barnehagane i kommunen. Ei nedlegging er med på å utarme grendene. Det gjer det svært vanskeleg å få folk til å busetje seg, og det svekkar sterkt det sosiale miljøet som er så viktig for at folk skal trivast der dei bur. Skular og barnehagar i nærmiljøet er nødvendig for å hindre utflytting og stimulere tilflytting.

Kultur idrett og dugnad

Vevringutstillinga, kunstnarar, volleyballspelarar og vektløftarar har på ein positiv måte profilert Naustdal. Aktiviteten rundt desse har vore identitetsskapande for mange, gitt folk tru på seg sjølv og styrka det sosiale miljøet. Både dette og bygging/vedlikehald av skular og grendahus viser at dugnadsanda er sterk. Naustdal må støtte opp om dugnadsarbeid og legge til rette for frivilleg arbeid.

Naustdal og ungdomen

Aktivitetane i Meiriet er viktige for ungdommen i bygda og må oppretthaldast. Dersom kommunen sel bygget, må det opprettast tilsvarende fritidstilbod for ungdommenein annan stad i sentrum. Vi vil ikkje vere med på å sende dei unge ut av bygda fordi vi ikkje klarar å tilby dei noko meningsfullt i eigen kommune. Aktivt ungdomsarbeid og godt ungdomsmiljø er avgjerande dei unge si tilknytning til bygda, og om dei flytter attende til Naustdal etter endt utdanning. Vi har bruk for ungdomen i Naustdal, det er trass alt dei som skal føre vidare det arbeidet som er gjort i Naustdal, og visjonane vi har for framtida.

Det skal bu folk i heile Naustdal!

Vil du ha endring?

Bruk RV-lista i år!

Magnar Falkenstein
Nina Areklett
Ørjan Thingnes
Marit Slettevold
Arne Underlid
Kirsti Solheim Stegane
Annie Mathisen
Rune Bergum
Dagmar Vigdis Falkenstein
Monica Helen Areklett Grytten
Einar Tefre
Wenche Wefring
Ove Apalseth
Grete Bjørndal
Nadine Ranke
Joar Stegane



i



Naustdal

**Med folk – mot
makta**